

# HAMNEINSTRUKS

## 1. HAMNESJEF

Hamnesjef ( Hamnevert) fører tilsyn med utstyr og orden i båthamna og påtaler det dersom han finn brot på hamneinstruksen.  
Hamnesjefen samarbeider med formann - styret.

## 2. BÅTPLASSAR.

Båtplass blir tilvist av styret v/ hamnesjef.

Hamnesjef i samråd med styret, står fritt til å omplassere båtplassar dersom dei av ulik årsak finn det naudsynt. Dei berørte skal informerast i god tid på førehand. Det er ikkje høve for medlemar å omplassere båtplassar seg i mellom uten samtykke frå styret.

Medlemene har sjølv ansvar for at båtene er forsvarleg fortøydd, samt at utstyr i tilknytning til båtplassen er i orden.

## 3. OM VINTEREN

Haust og vinter plikter båteigar å halde ekstra godt tilsyn med båten sin. Den må sikrast mot sterk vind og store nedbørsmengder.

**Større båtar og båtar som ligg utsatt til, skal nytte sjokkdempar (av gummi) på fortøyningane .** Kvar enkelt pliktar å måke snøen vekk frå den del av brygga som naturleg tilhøyrrer båtplassen.

## 4. GJESTETRAFIKK

Utanom gjestar som betaler hamneleige, eller utan avtale med hamnesjef, er det berre medlemar som har lov å opphalde seg med båt eller drive noko form for aktivitet på båtlaget sin eigeidom. Uvedkommande blir bortvist !  
Medlemmar må ikkje fortøye slik at dei er til hinder for plassar som er tilvist båtturestar i sommarsesongen. Resten av året står alle medlemmar fritt å bruke kaiene etter behov. Hamnevert kan nytte ledige båtplassar til gjestar etter avtale med plasseigar.

**NB! Bading i båthamna er strengt forbode**

## 5. **MILJØ**

Ver miljøbevisst. Unngå forureining i og rundt hamneområdet. Fiskeavfall må ikkje kastast i hamna eller i nærleiken. Problemavfall som spillolje, malingsrestar, gamle batteri o.a , skal ikkje kastast frå seg i området eller i bosset, men leverast til godkjend deponi (Esso eller Olsetvikane). Det er forbåde å lense oljehaldig lensevatten over bord i hamna. Fjern gamle fortøyningar som heng og samlar sli og skjel.

Medlemmar som har båtar i vinteropplag på området til Øyra Vel aust for båthamna, må sjøsette disse **innan 1. MAI**. Dette for at båtane ikkje skal vere til hinder for dei som rydder stranda, og slår graset.

## 6. **FRAMLEIGE AV BÅTPLASS**

Etter vedtektene kan båtplassen framleigast til andre **medlemar** i båtlaget.

Framleige for lengre tid skal meldast til styre v/formann, med kopi av leigeavtale. Vedkommande skal då vere innmeldt som medlem. Skjema for avtale om leige får ein hos hamnesjef/ formann.

## 7. **AVVIK**

Dersom eit medlem oppdagar avvik av noko slag, det kan vere innbrot , tjuveri, hærverk, havari eller andre ting som kan føre til skade eller forureining i hamna, skal vedkommande utan opphald melde frå til hamnesjef, styret eller båteigar.

Avvik frå vedtekter - instruks vil føre til påtale.

Dersom eit medlem medvite skader andre medlemmar eller båtlaget sin eigedom, kan det føre til utvising frå båthamna.

## 8. **LEVERING AV 230 V LANDSTRAUM**

Ved uttak av straum i hamna, skal det skal kunn nyttast godkjend kabel for utandørs bruk med min. 2,5 mm kvadrat. Tilkoplingskap skal alltid vere låst. Den/dei som ikkje nyttar godkjend kabel med tilbehør må betale for feil/ skade som måtte oppstå på anlegget.

**IKKJE GODKJEND UTSTYR BLIR FJERNA UTEN VARSEL**

## **ADVARSEL!**

Bruk av landstraum om bord. **FARLIGARE ENN DU TRUR !** Du bør **TENKE** deg nøye om før du kopler båten til landstraum i hamna.

ASKVOLL SMÅBÅTLAG

HAMNESJEFEN